

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	21.05.2024
Vår referanse	2024/21902-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høringsuttale til foreslått KU-program for Re Energi kraftverk i Gloppen kommune

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i Regional plan for fornybar energi 2023-2035, Regional plan for klima 2022-2035 og Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027.

Vi ber difor om at kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap vert teke med som tema i konsekvensutgreiinga. Det er i melding vist til at det er SEFRAK-registrerte hus i området. I tillegg går Den Trondhjemske postveg gjennom området, og bør også vere eit tema i konsekvensutgreiinga.

Vestland fylkeskommune ber om at det vert lagt inn i føresegna for konsesjon at undersøkingsplikta jamfør §9 i kulturminnelova skal gjennomførast etter at ev. konsesjon er gitt og i god tid før utarbeiding av detaljplan for miljø og landskap.

Fiske og spaserturar er dei vanlegaste aktivitetane i planområdet. Det er nemnt at Storelva blir brukt til elvepadling, men ikkje til rafting. Ei utbygging vil medføra reduksjon i vassføringa. Minstevassføring i sommarhalvåret for å redusere konsekvensar knyt til landskapsoppleving og friluftsliv må utgreiast. Vidare ber vi om utgreiing av tiltak for tilrettelegging på land, som stiar langs elva.

Vi gjer merksam på at det finst nye data som er lagt inn i Vannmiljø. Vi legg til grunn at nyaste data nyttast i KU-programmet. Det vert viktig å dokumentere tilstanden i vassdraget før og etter utbygging, både på strekinga med bortført vatn og nedstraums kraftverksutløpet.

Bakgrunn

NVE har sendt melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Re kraftverk i Gloppen kommune på høyring. Re Energi AS har sendt detaljplanen til NVE for vurdering.

Meldinga skal behandlast etter reglane i plan- og bygningslova om konsekvensutgreiingar. Formålet med meldinga er å klargjera kva konsekvensar tiltaket kan få for miljø, naturressursar og samfunn, og kva ein bør ta omsyn til under den vidare planlegginga. NVE vil fastsetja eit konsekvensutgreiingsprogram (KU-program) for tiltaket med utgangspunkt i meldinga, innkomne høyringsfråsegner og eigne vurderingar.

Skildring av tiltaket

Re Energi ønskjer å utnytta delar av fallet i Storelva i Gloppen kommune til kraftproduksjon. Etter planen skal då om lag dei nedste 3,3 km av elva vil bli fråført vatn. Maksimal slukeevne for

vasskraftverket er set til 60 m³/s, installert effekt 28,5 MW og årleg middelproduksjon er estimert til 90 GWh. Middelvassføringa i elva er 27,5 m³/s ved inntaket.

Kraftstasjonen er planlagd kopla til eksisterande nett med 22 kV jordkabel til Reed sekundærstasjon, som ligg ca. 200 m nord for Breimshallen.

Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturmiljømynde. Vestland fylkeskommune vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø må gjerast på tidleg stadium i all arealplanlegging. Kulturminneverdiar i planområdet må bli omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Vi ber difor om at kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap vert teke med som tema i konsekvensutgreiinga.

Det er i melding vist til at det er SEFRAK-registrerte hus i området. I tillegg går Den Trondhjemske postveg gjennom området, og bør også vere eit tema i konsekvensutgreiinga. Den Trondhjemske postveg er eit regionalt viktig kulturmiljø som går mellom Bergen og Trondhjem.

Vestland fylkeskommune ber om at det vert lagt inn i føresegna for konsesjon at undersøkingsplikta jamfør §9 i kulturminnelova skal gjennomførast etter at ev. konsesjon er gitt og i god tid før utarbeiding av detaljplan for miljø og landskap.

Fysisk aktivitet og inkludering

Fiske og spaserturar er dei vanlegaste aktivitetane i planområdet. Det er nemnt at Storelva blir brukt til elvepadling, men ikkje til rafting.

Ei utbygging vil medføra reduksjon i vassføringa. Det er grunn til å tru at innføring av minstevassføring i sommarhalvåret kan redusere konsekvensar når det gjeld landskapsoppleving. I vinterhalvåret er det ikkje registrert stor ferdsel langs vassdraget.

Det er skissert tiltak for framleis fiskevandring og gode gyte-/ oppvekstforhold på strekninga. Kombinert med tilrettelegging på land, som stiar langs elva og rydding av vegetasjon, vil elvestrekninga kunna bli meir attraktiv for fiske etter utbygging.

Vestland fylkeskommune som friluftslivsstyresmakt håpar dei mildnande tiltaka vil redusera dei negative konsekvensane på friluftslivet i området. Det er likevel viktig at både friluftslivsorganisasjonane og kommunen blir teken med på råd vidare i prosessen m.o.t. ny tilrettelegging langs elva.

Vassmiljø og fisk

På side 25 i meldinga står det: «Bygging av et vannkraftverk vil innebære at en stor del av vannføringen i Storelva føres inn på tunnelen til kraftverket, slik at restvannføringen på en strekning på ca. 3,4 km blir vesentlig lavere enn dagens middelvannføring. Dette vil redusere elvestrekningens evne til å fortynde tilførsler fra landbruket (punktutslipp og avrenning fra jordbruksarealer). For å minske problemet med redusert resipientkapasitet og økt eutrofiering planlegges det å føre utløpet fra reinseanlegget direkte inn på tunnelen til kraftverket, samt gjennomføre ytterligere tiltak knyttet til landbruket i området.» I neste avsnitt står det «Tiltakshaver er av den oppfatning at AsplanViaks konsekvensutredning fra 2011 relevant og dekkende ift. den justerte utbyggingsløsningen. Det er derfor ikke foreslått nye utredninger».

Vi gjer merksam på at det finst nyare data som er lagt inn i Vannmiljø. Mellom anna har Gloppen kommune eit overvåkingsprogram knytt til utsleppsløyvet for Byrkjelo reinseanlegg, og i 2023 er det data for både vassprøver (totalfosfor m.m.), påvekstalgar (PIT) og botndyr (ASPT).

Det er likevel viktig å dokumentere tilstanden før og etter utbygging, både på strekninga med bortført vatn og nedstraums kraftverksutløpet. Ved å føre utløpet frå reinseanlegget direkte inn på tunnelen til kraftverket, vert elva ned til kraftverket avlasta. Dette vil kunne redusere belastninga på strekninga med redusert vassføring, men det bør kartleggast om det ev. får konsekvensar nedstraums utløpet frå kraftverket.

Med helsing

Sølve Dag Sondbø
seksjonssjef
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjoflot
rådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

GLOPPEN KOMMUNE

Grandavegen 9

6823

SANDANE